

Valda

Deres ref.

Vår ref.
23/1337 - 18

Dato
15.04.2026

Fastsetting av fellingsavgift for elg og hjort i forskrift

Utvalg for teknikk, landbruk og miljø har i møte 14.04.2026 fattet følgende vedtak 26/26:

Forskrift om endring i forskrift om opning av jakt på elg, hjort, rådyr og bever, Sirdal kommune, Agder vert lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på avgrensa høyring til elg- og hjortevalda i kommunen.

Med hilsen

Mona Ousdal
Konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur



Sirdal

Saksframlegg

Vår ref. 23/1337 - 16
Saksbehandler Sven Sandvik
Dato 23.02.2026

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
26/26	Utvalg for teknikk, landbruk og miljø	14.04.2026

Fastsetting av fellingsavgift for elg og hjort i forskrift

Forslag til vedtak

Forskrift om endring i forskrift om opning av jakt på elg, hjort, rådyr og bever, Sirdal kommune, Agder vert lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på avgrensa høyring til elg- og hjortevalda i kommunen.

Utvalg for teknikk, landbruk og miljø 14.04.2026

Behandling

Kommunedirektørens forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

TLM - 26/26 vedtak

Forskrift om endring i forskrift om opning av jakt på elg, hjort, rådyr og bever, Sirdal kommune, Agder vert lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på avgrensa høyring til elg- og hjortevalda i kommunen.

Samandrag

Fellingsavgiftene må etter krav i ny viltressurslov fastsettest i forskrift. Kommunedirektøren foreslår ei forskriftsendring som formaliserer dagens fellingsavgiftsatsar.

Bakgrunn

Stortinget vedtok den 2. juni 2025 ny lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven). Lova vil – når den trer i kraft 1. juli 2026 – erstatte dagens lov om jakt og fangst av vilt (viltloven).

I den nye viltressurslova er det stilt krav om at kommunar som ønsker å fastsette og krevje inn fellingsavgift for felt elg og hjort må gjere dette i forskrift.



Landbruks- og matdepartementet (som overtok ansvaret for forvaltninga av haustbart vilt frå Miljødepartementet 1. januar 2025) har gitt vegleiing til kommunane om utforming av forskrift i eit videomøte den 28. januar der også representantar frå Lovdata deltok.

Departementet anbefalar kommunane å legge fellingsavgifta inn i same forskrift som opning av jakt og minsteareal. For å unngå at forskrifta stadig må oppdaterast vert det anbefalt å anten nytte maksimalsatsane eller ein fast prosentdel av maksimalsatsane som vert fastsett årleg i Stortinget sitt budsjettvedtak.

Heimelsbakgrunn

Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 9 fjerde ledd:

I kommuner der det er adgang til jakt på elg, hjort eller rådyr, skal kommunen etablere et kommunalt viltfond som har til formål å fremme viltforvaltningen i kommunen. Kommunen kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for hvert dyr som felles av elg og hjort, innenfor rammer fastsatt av Stortinget. Inntektene fra fellingsavgiftene skal tilfalle det kommunale viltfondet.

Vurdering

Kommunedirektøren foreslår å ta inn ein ny paragraf om fellingsavgift i [Forskrift om opning av jakt på elg, hjort, rådyr og bever, Sirdal kommune, Agder - Lovdata](#). Dette er i tråd med Landbruks- og matdepartementet si anbefaling om å samle opning av jakt, minsteareal og fellingsavgift i same forskrift.

Kommunedirektøren foreslår ingen endringar i satsane. Kommunen har sidan 2017 nytta maksimalsatsane som vert fastsett årleg gjennom Stortinget sitt budsjettvedtak. I 2025 var satsane følgjande:

- elg kalv 400 kr
- elg vaksen 670 kr
- hjort kalv 310 kr
- hjort vaksen 520 kr

Valda får i praksis att halvparten av dei innbetalte fellingsavgiftene. Kommunen har sidan maksimalsatsane vart innført i 2017 hatt ei ordning der valda får utbetalt eit generelt driftstilskot tilsvarende 50 % av valdet sine fellingsavgifter føregåande år. Føresetnaden for å få tilskotet er at alle sett og skutt data og fellingsrapportar er innlevert innan fristen som er fastsett i hjorteviltforskrifta.

I vedlagt endringsforskrift foreslår kommunedirektøren å ta inn følgjande paragraf som ny § 3 i forskrifta:

§ 3. Fellingsavgift for elg og hjort

Fellingsavgift for elg og hjort vert sett til maksimal sats for fellingsavgift gitt i Stortinget sitt budsjettvedtak.

Resterande paragrafar i forskrifta rykker då opp eit nummer. Forskrifta trer i kraft same dato som ny viltressurslov trer i kraft.

Då dette berre er ei formalisering av gjeldande satsar vurderer kommunedirektøren det som tilstrekkeleg å sende forskrifta på avgrensa høyring til elg- og hjortevalda i kommunen og kunnngjere forslaget på kommunen si nettside.

- **Konsekvensar for barn og unge.** Nei
- **Økonomiske konsekvensar av forslag til vedtak.** Nei



Konklusjon

Kommunedirektøren anbefaler å sende endringsforskrifta på avgrensa høyring og legge den ut til offentlig ettersyn.

Vedlegg

Forskrift om endring i forskrift om opning av jakt på elg, hjort, rådyr og bever, Sirdal kommune, Agder

Aud Sunniva Fuhr
Kommunedirektør

Sven Magne Ousdal
Virksomhetsleder for arealforvaltning